



Klima- og miljødepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Åsmund Skancke Karlsnes, 5764 3122

(Høyringsuttalen er lasta opp på regjeringen.no og ikkje sendt elektronisk)

## Høyringsuttale til NOU 2023:25 - Omstilling til lavutslipp - Veivalg for klimapolitikken mot 2050 - rapport av Klimautvalget 2050

Statsforvaltaren i Vestland er samd i vurderingane frå utvalet i rapporten. Vi har valt å framheve det vi meiner er viktige tilrådingar frå utvalet, og komme med forslag til forbetringar som gjeld fagområde og sektorinteresser vi skal vareta.

- Utsleppskutt innan 2050 føreset kraftig auka tilgang på fornybar energi. Det blir krevjande. Det må bli auka innsats for både fornybar energi og tiltak som reduserer energibehovet.
- Forbruket av nye råvarer må ned gjennom resirkulering, ombruk og gjenvinning.
- Samordninga mellom plan- og bygningslova og andre lover må gjerast tydeleg og styrkjast, og det er behov for klimaomsyna i lova, inkludert i KU-regelverket.
- Areal er ein knapp og verdifull ressurs og nedbygging av areal med natur bør unngåast. Som hovudregel må all omdisponering av areal for utbygging vere berekraftig og skje gjennom transformasjon og foretting av eksisterande utbygd areal.
- Avgrensa tilgang på areal gjer at det må prioriterast hardare mellom ulike formål. Arealformål som i lita grad er samfunnsnyttige i eit lågutsleppssamfunn må planmyndigheita ta ut av kommuneplanane.
- Nasjonale forventningar i arealforvaltninga må tydeleggjerast gjennom nasjonale føringar og strammast inn.
- Moglegheita for å fremme motsegn er svekt, og vi tilrår at dette blir styrkt. Dette gjeld særleg tiltak som reduserer høvet til å nå klimamåla.
- Skogen og skogbruket har ei viktig rolle i klimapolitikken. Største utfordringane i dag er manglande forynging etter hogst og delvis hogst på feil areal og alder – både biologisk og skogfagleg. Ei form for meldeplikt før hogst kan gje meir kunnskap, oversikt og vern om biologiske verdiar.
- Vi er samde med utvalet at det ikkje er mogeleg å produsere mat utan eit visst klimaavtrykk frå dei naturlege prosessane. Men elles må klimautsleppa reduserast utan å redusere norsk matproduksjon basert på norske ressursar.
- Det må bli dyrare å øydeleggje natur. Kommunar som tek vare på natur og landbruksareal bør påskjønast.



- Det bør vere krav til at kommunar bruker naturrekneskap og arealrekneskap.
- Transportsystemet legg beslag på areal, ressursar, og energi som er nødvendige i andre sektorar i omstillinga. Transportplanlegging må leggjast om.
- Klima- og natur må i større grad sikrast i tidleg planfase og vegutbygging kan berre gjennomførast dersom det er i tråd med lågutsleppssamfunnet.
- Vi må gå frå å vere eit samfunn basert på lineært forbruk til ein sirkulær økonomi. Regelverk, og skatt og avgifter må leggje til rette for dette.
- Vi må i større grad jobbe for å redusere utsleppa som ligg utanfor utsleppsrekneskapen.
- Vi støttar tilrådinga om at det blir utarbeidd ein eigen strategi for slutfasen av norsk petroleumsverksemd, samtidig som konsekvensane for Vestland må takast særleg omsyn til.

## Lågutsleppssamfunnet må vere premissen for alle avgjerder framover

Vi stiller oss bak rapporten i sin heilskap. Vi vil rose utvalet for arbeidet som er gjort. Rapporten er eit viktig verkemiddel for at vi skal nå målet om å bli eit lågutsleppssamfunn. Det trengst store endringar for å nå målet og vi har ikkje tid til å vente med å gjere tiltak. Om 6 år skal vi ha kutte utsleppa med 50-55 % og vi skal ha nådd dei 17 berekraftsmåla. Det er berre 26 år til vi skal bli eit lågutsleppssamfunn. Alle avgjerder vi tek framover må ha dette som utgangspunkt.

Vi ser allereie konsekvensane av klimaendringar i dag og samfunnet må allereie tilpasse seg nye klimatiske forhold. Vidare auke i temperatur vil påverke samfunnstryggleiken i endå større grad. Det er også billigare med investeringar i tråd med 1,5 graders målet enn å reparere klimaskadar i ettertid.

Vi er nøydde til å tenkje meir sektorovergripande. Her skil statsforvalterne seg ut frå andre statlege aktørar ved å vere ein tverrfagleg organisasjon. Vi sit tett på kommunane og har kjennskap til lokale forhold. Vi meiner derfor at vi har mykje å bidra med på vegen til eit lågutsleppssamfunn. Vi er eit regionalt ressurscenter som kan bidra med rettleiing innan planlegging, og klimaomstilling, kompetanse på nasjonalt regelverk innan natur og klima, og tilsyn med kommunar og verksemdar. Her trengs det det ein tydelegare bestilling til statsforvaltarane.

Vi når ikkje måla utan kommunane. Det er stor strekk i feltet i dag og det er viktig at kapasiteten og kompetansen i kommunane blir styrkt kraftig.

Dersom vi skal nå målet om å bli eit lågutsleppssamfunn i 2050 er det viktig at rapporten blir følgd opp med krav og verkemiddel og tydelegare statlege føringar.

### **Auka behov for energi legg press på ein allereie pressa vestlandsnatur**

Vestland fylke står for 25 prosent av norsk kraftproduksjon og har med dette ofra mykje natur. Kraftprisane må spegle at kraft er ein avgrensa ressurs slik at bruken blir redusert, samtidig som hushald som har problem med høge prisar får bistand.

Før ein set i gang med ei massiv utbygging av ny fornybar kraft må ein gjere tiltak som gjer at *behovet for energi* går ned. Her peikar utvalet på noko svært viktig: - Forbruket av nye varer må reduserast. Resirkulering, ombruk og gjenvinning må gjennom ulike verkemiddel bli mykje viktigare og vil minske energibehovet.



Det må bli eit reelt fokus på energieffektivisering, både gjennom endringar i relevante lover og forskrifter, og gjennom auka støtte til oppgradering av eksisterande bustader. Det må leggjast betre tilrette for utbygging av kraftproduksjon utan naturinngrep, som å stille krav til småskala kraftproduksjon ved bygging av nye hus.

Knappleik på kraftressursar gjer at formål som er samsvarande med lågutsleppssamfunnet må prioriterast når energi skal fordelast. Vi er samde i at hovudregelen må vere at kraft frå land ikkje blir brukt som utsleppsreducerande tiltak for petroleumssektoren.

### **Areal er ein knapp og verdifull naturressurs**

Kommunen er planmyndigheit og har allereie ansvar for å ta omsyn til reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringar i planlegginga. Gjennom klimalova har Noreg lovfesta klimamål for 2030 og 2050. Reduksjon av klimagassutslepp og tilpassing til klimaendringar må skje gjennom ei føremålstenleg samordning mellom stat, fylkeskommunar og kommunar. Vi meiner at ei slik samordning må styrkast. Det er berre gjennom ei koordinert og integrert innsats mellom forvaltningsnivåa at ein kan nå dei overordna måla.

Samstundes er det også behov for ein sterkare integrasjon av klima- og naturmangfaldmål. Karbonrike areal er ikkje avgrensa til terrestriske naturtypar, men femner også om naturtypar i sjø, ferskvatn og brakkvatn.

Vi er einige med utvalet og meiner at det er koplinga mellom klima- og naturmangfaldmål som må styrkast i lov, forskrift og statlege føringar.

Nedbygging av karbonrike areal bør unngåast, og dei må vere godt kartlagt og vernast mot utbygging. Dette gjeld mellom anna myrområde, som Miljødirektoratet allereie har foreslått forbod mot å bygge ned, men også naturskog på karbonrike areal, og særleg gamal naturskog, som kystfuruskog. Dei aktuelle områda må gis eit vern som blir styrande for all planlegging. Dette vil også bidra til at Noreg kjem nærare med å oppfylle forpliktingane etter naturavtalen.

Økologisk kompensasjon kan ikkje vere ei kvilepute for nedbygging av natur. Områda vil sjeldan kunne oppnå same kvalitet, det vil ta lang tid. I både nasjonal og internasjonal samanheng meiner vi det også er viktig å trekke fram og vere medviten om at vestlandsnaturen lagrar meir karbon i jord per areal.

Restaurering av natur er eit viktig bidrag for å få ned klimagassutsleppa, gjere samfunnet betre rusta mot klimaendringar og å betre økologisk tilstand. Det hadde mellom anna vore nyttig med ein oversikt over myr som er viktig å restaurere, saman med andre verkemiddel for å sette fart på denne typen naturrestaurering.

Når forbruk av naturareal til utbygging må avgrensast til eit minimum er det naturleg å måtte gjere ei prioritering mellom ulike formål. Utbygging av fornybar energi vil vere eit formål som må prioriterast, men også her må ein søkje å transformere allereie bygde areal og finne smarte løysingar.

Nye hyttefelt bør vere blant den typen utbygging som ligg lågast på "rangstigen", og som i liten grad tener eit samfunnsnyttig føremål i eit lågutsleppssamfunn. Planlagde hyttefelt i naturområde bør takast ut av kommuneplanar gjennom planvask og revisjon av planar. All vidare utbygging bør skje gjennom fortetting i allereie utbygde område.



For Vestlandet er det i tillegg opna for stor nedbygging av natur i låglandet etter gjeldande planverk, og som går utover det faktiske behovet i den enkelte kommune. Revisjon av kommune- og reguleringsplanar for å ta ut byggeføremål i klar strid med nasjonale forventningar blir difor generelt svært viktig framover.

### **Styringssystema i arealpolitikken må styrkast**

Vi ser at dagens system innan arealforvaltinga ikkje fungerer optimalt for å handtere nasjonale klima- og naturmål. Systemet er avhengig av lokalpolitisk vilje, som igjen kan vere fragmentert og skiftande. Vi opplever i dag at lokalpolitisk vilje varierer stort mellom dei 43 kommunane våre på om eller i kva grad dei legg vekt på klima og natur. Særleg krevjande blir det også når avgjerder gir føringar for arealbruk og transport i mange tiår fram, og arealutviklinga legg strukturelle føringar for samfunnet si evne til omstilling. Vi meiner det ligg stor styrke i at ansvaret for arealforvaltinga er lokalt plassert, men ser samstundes den store utfordringa det er for kommunane å skulle balansere lokale interesser og omsyn mot regionale og nasjonale forventningar, særleg når det ligg tolkingsrom og uklar prioritering mellom ulike nasjonale styringssignal.

Statsforvaltaren meiner difor nasjonale forventningar i arealforvaltninga må tydeleggjerast i nasjonale føringar og strammast inn, slik utvalet peiker på. Korleis dette blir gjort går ikkje klart fram. Krav om prinsipp om arealnøytralitet kan vere ein veg å gå, men må balanserast mot kommunane sin trong til å skape utvikling. Lågare terskel for statlege myndigheit til å fremje motsegn til kommunale planar og klage på kommunale vedtak er også ein moglegheit som er tilgjengeleg i dag. Signala må likevel presiserast, samstundes som det må liggje ein forventing om at motsegn som går til endeleg avgjersle i departementet også følgjer opp nasjonal politikk vedteken av Stortinget. Uansett er det trong for grep som i større grad sikrar at kommunal arealforvaltning følgjer opp nasjonal politikk på klima- og miljøfeltet. Omstilling til eit lågutsleppssamfunn krev politisk leiarskap, men slik leiing må skje nasjonalt og få direkte verknader og føringar ned gjennom heile forvaltningssystemet.

Regionalt og kommunalt behov for areal til større infrastruktur-, nærings- og industriareal må også etter vår vurdering i langt større grad avklarast. I dag blir ikkje dei beste plasseringane i eit regionalt perspektiv valt. Det fører til at nye nærings- og industriområde vert etablert utan at det nødvendigvis eksisterer eit behov i dag.

### **Skog og berekraftig skogbruk er god klimapolitikk**

Skogen og andre grønne areal gir på sitt beste naturleg karbonfangst, samstundes som eit berekraftig skogbruk gir oss materiale, produkt og energi som kan redusere bruken av fossilt brensel. Utvalet peikar med rette på at det er til dels fagleg usemje og auka kunnskapsbehov om dagens skogbruk.

Eit berekraftig skogbruk skal både levere tømmer og fiber utan å redusere produksjonen på lang sikt, og samstundes også ta vare på andre natur- og miljøverdiar slik at desse heller ikkje blir forringa. Manglande forynging etter hogst fører reelt sett til at vi ikkje brukar kapasiteten i skogareala til å binde CO<sub>2</sub>. Hogst av for ung skog, eller av gamal biologisk rik naturskog er ikkje framtidsretta.

Det pågår også ein god fagleg diskusjon om hogstmetodar og hogstflater, og om skogen sin verdi som vern av lokalklima og infrastruktur. Vi ønsker desse diskusjonane velkomne for å finne balanserte løysingar mellom bruk og vern av skogareala. Slik sett er det behov for ei vurdering av meldeplikt før hogst og anna relevant regelverk.



## Gjenbruk av areal i framtida

Vi må planlegge for framtidig gjenbruk av areal. I Vestland har vi i dag fleire store industriareal som er knytte til bransjar som ikkje er i tråd med lågutsleppssamfunnet, til dømes petroleumssektoren. Utløpstida for desse bransjane blir ikkje teke i betraktning ved planlegging. Samtidig er det framleis planar om tilrettelegging av store nye næringsområde, og utviding av eksisterande område.

Det er eit problem at det er dyrare å transformere gammalt areal til eit nytt formål enn å byggje ned natur for tilsvarande formål. Kostnaden med å øydeleggje natur må bli høgare, og mindre av den kommunale innteninga må basere seg på dette. Kommunar som vel å ta vare på natur og landbruksareal bør påskjønnast.

Utvalet peikar på at naturrekneskap og arealrekneskap ikkje nødvendigvis er tilstrekkeleg for å sikre ein berekraftig arealpolitikk. Arealrekneskap og naturrekneskap er likevel særskilte viktige verktøy som må takast i bruk på alle forvaltningsnivå, og vi meiner det må vere eit krav at kommunane nyttar slike tilgjengelege verktøy i arbeidet med kommuneplanen. I dag er dette berre ein anbefaling.

## Matproduksjon

Det er ikkje råd å fjerne alle utsleppa knytt til biologiske prosessar i matproduksjonen. Skal vi skaffe mat til dei som bur i Noreg må vi akseptere eit visst utslepp, slik NOU-en legg til grunn. Val av produksjonar og produksjonsmåtar er avgjerande for eit redusert fotavtrykk.

Norge kan aldri bli sjølvforsynt med mat. Men vi må legge til rette for ei omstilling som sikrar ein stabil produksjon i eit skiftande klima, og med reduserte utslepp av klimagassar. På same vis som klimautfordringane er globale, er også matproduksjonen eit globalt problem. Folketalet har nesten dobla seg frå 4 til 8 milliardar på 50 år, og den auka matproduksjonen har vore basert på fossil brensel - både til produksjon av nitrogengjødsel og mekanisering og transport. Og framleis lir nesten 10 % av folket i verda under matmangel.

Landbruksnæringa har inngått ein eigen avtale med regjeringa om å redusere utsleppa av klimagassar tilsvarande fem millionar tonn CO<sub>2</sub> innan 2030, og det utan å redusere matproduksjonen. Dette er ambisiøst, men fullt mogeleg dersom ein gjer tiltak i retning av best praksis og tilgjengeleg kunnskap. Nedanfor nemner vi nokre døme på aktuelle tiltak.

### *Klimamerking av mat*

Aktive val frå forbrukar er avgjerande for endring både i nasjonal produksjon og import av mat. Norske forbrukarar nyttar areal, vatn og fossil energi i andre deler av verda. Vi treng då ei merkeordning som har med seg det totale rekneskapen per kilo produsert vare inkludert lagring og transport. Eit døme kan vere norsk oppdrettsfisk som i stor grad er basert på importert fôrråvare.

### *Gjødsel*

Plantene treng ein balansert tilførsel av næring for å gje årvisse avlingar av god kvalitet. I dag er dette i stor grad basert på mineralgjødsel. Norge må i større grad ta vare på næringsstoffa som er i organisk avfall. Kompost eller biorest frå matavfall, hageavfall, fiskeensilasje og fiskeslam må kome inn i sirkulære system slik at næringsstoffa kan nyttast i ny planteproduksjon. Ei ordning for resirkulering av organisk fosfor må etablerast og forbruket av mineralsjødel basert på fossile og ikkje fornybare ressursar må reduserast.



### *Kartlegging av matjorda og jordvern*

Forståinga av jordsmonneigenskapar og samspelet med klima er essensielt for å redusere klimautslepp og sikre klimatilpassing i landbruket. Eit jordsmonnkart for alt landbruksareal i Noreg vil være ein viktig ressurs for klimatilpassing. Dette bidrar til optimalisering av produksjonstypar og tilpassing til lokale vêrforhold. Eit strengt jordvern er viktig for å sikre at verdifull landbruksjord blir bevart for framtidig matproduksjon, samstundes som den det støttar ei berekraftig utvikling. Forvaltning av landbruksjord må difor vere strategisk betre forankra for å verne jorda mot nedbygging.

### *Redusert transport*

Maten reiser langt for å nå fram til oss. Skal vi redusere klimaavtrykket må ein større del av maten vere kortreiste og lokal. Avgift på transport eller mva-fritak kan medverke til betre konkurransevilkår for det kortreiste.

### *Gras blir til protein*

Kylling, svin og egg har det lågaste utsleppet av klimagassar per kg protein. Men desse produkta treng konsentrert fôr frå korn eller mais. Skal vi produsere protein frå gras, lyng og urter må det gå gjennom magane til ein drøvtyggar. Fordøying av gras er den sikraste måten til å oppnår ein stabil produksjon av protein i Norge. Grasbasert kjøt og mjølk er difor viktig i den norske sjølvforsyninga.

### *Redusert utslepp av metan*

Drøvtyggarar som ku, geit og sau produserer metan når graset blir brote ned i vomma. Men det er stor skilnad i utsleppa per kilo protein. Mjølkg- og ost ligg lågt og er nesten på nivå med svinekjøt. Sau og storfe kjøt frå mjølkekyr er lågare enn kjøt frå ammekyr. Samstundes må det arbeidast for redusert metanproduksjon gjennom avl og føring.

### *Krav til dokumentasjon av næringsstoffbalanse*

Verktøyet kretsløpstolken gjev oversikt over kva som kjem inn i drifta (gjødsel, fôr, dyr) og går ut att (mjølk, kjøtt, skinn, fôr, avrenning). Bevisstgjerjing av slike inn og output vil vere eit viktig grunnlag for å betre agronomien på garden og gje potensielt grunnlag for å gje pålegg dersom det blir overgjødsla.

### *Eit større mangfald*

Mangfald er redusert risiko. Eit endra klima vil gje større variasjonar med auka tørke og auka flaum. For å spreie risiko bør det leggest til rette for eit større mangfald i planteproduksjonen over heile landet. Eit langstrakt land er ein fordel, då katastrofe med tørke, flaum eller frost ikkje treff samstundes i heile landet. Ulike sortar av bær, frukt, potet og grønsaker er viktig.

### *Beredskap ved praktisk kunnskap*

Matproduksjon er ein kontinuerleg prosess. Eit aktivt landbruk i heile landet er avgjerande for beredskapen. Jorda må vere fruktbar, maskinene må fungere, arbeidsfolka må ha kunnskap, vi må ha frø til å så, og vi må ha kyr som gir oss mjølk. Det tar 2 år frå kalven er fødd til den kan produsere mjølk. Og skal vi auke produksjonen av grønsaker og potet går det eitt år for å få fram meir frø og meir settepotet. Lager av korn er bra på kort sikt, men det åleine er ikkje nok i ei global matkrise. Parsellhagar og andelslandbruk er eit godt døme på praktisk kunnskapsformidling og beredskap. Små hagar og ledige jordbruksareal har eit stort potensiale for lokal småskala grønsaksproduksjon som gir lavt klimaavtrykk.

### *Klimaretta husdyrtilskot*

Tilskotsordningar i landbruket treng ei innretting som motiverer til ein meir klimasmart produksjon.



Klimaavtrykket per kilo mjølk og kjøtt varierer mykje. Friske dyr med høg avdrått basert på konsentrert fôr har det lågaste utsleppet. Tilskotsordningar som motiverer til intensiv drift bør difor tonast ned.

### **Transportplanlegginga må innrettast lågutsleppssamfunnet og ikkje eit ønske om auka kapasitet**

Vi er einig med utvalet i at dersom vi fortset utviklinga vi har i dag vil transportsystemet legge beslag på areal, ressursar, og energi som er nødvendige i andre sektorar i omstillinga. Konsekvensen av dette er at vi må unngå å bygge ny og auka kapasitet og at vi må unngå reiser. Reiser må i større i grad enn i dag gå føre seg kollektivt.

Vi er einige i utvalet sine vurderingar om endringar i Nasjonal transportplan (NTP).

Klima- og natur må i større grad sikrast i tidleg planfase. Vi støttar derfor utvalet sitt forslag på dette punktet.

Vegutbygging kan berre gjennomførast dersom det er i tråd med lågutsleppssamfunnet. Det er fleire vegprosjekt som er baserte på framskrivingar som ikkje er i tråd med lågutsleppssamfunnet. Eit døme er E39, som toler dagens trafikk. Det er ikkje rom for å planleggje for ein stor auke i trafikkgrunnlaget dersom vi skal nå utsleppsmåla. Vegar som ikkje er i tråd med lågutsleppssamfunnet kan ikkje prioriterast.

Vi vil mellom anna peike på utbetring av E16 mellom Fagernes og Øyo i Valdres som eit godt døme på korleis vi må tenkje på vegutbygging framover. «Valdresmodellen» har vist at det er mogleg å ruste opp eksisterande vegar på ein kostnadseffektiv måte og samtidig aukar trafikktryggleiken og minimere naturinngrepa.

### **Økonomisk aktivitet, velferd og sirkularitet**

Ein av dei største drivarane til klimagassutslepp er målet om økonomisk vekst som er basert på auka forbruk.

For å kunne redusere vårt fotavtrykk må den sirkulære økonomien prioriterast. Vi må bli flinkare til å bruke materiale på nytt i staden for å leite etter materiale på nye stader. Mellom anna har rapportar utarbeidd for Miljødirektoratet peika på at utvinning av mineral på havbotnen kan forstyrre viktige karbonlager i marine område.

Det bør stillast større krav til gjenvinningsgrad av materiale i bygg- og anleggsbransjen. Ein rapport frå Miljødirektoratet viste at det er høge utslepp knytt til import av byggjemateriale, maskiner og utstyr frå utviklingsland.

Det blir det generert enorme mengder overskotsmassar som i dag endar opp med å bli sluttdisponert som avfall i dag sidan det er det mest økonomisk gunstige. Det er svært viktig å sikre at mengda overskotsmassar blir redusert, at dei så blir gjenvunnet, og om ikkje anna sortering og gjenbruk er mogleg – sluttdeponering, i tråd med avfallspyramiden.

Vi vil understreke viktigheita av at det blir sett av nok ressursar til å følgje opp regelverksutviklinga i EU knytt til sirkulærøkonomi. Vi opplever i dag at ressursane ikkje er tilstrekkeleg på dette feltet. Det fører blant anna til at styresmaktene tidvis blir ein flaskehals for industri som vil leggje om til ei sirkulær drift.



## **Norges fotavtrykk**

Ein ny rapport peika på at forbruksrelaterte utslepp i Noreg i stor grad stammar frå kjøp av varer og tenester som blir produserte i andre land, og dermed ikkje er inkluderte i utsleppsrekneskapen. Vi er samde med utvalet i at Noreg må i større grad jobbe for å redusere utsleppa som ligg utanfor utsleppsrekneskapen. Dette krev eigne utsleppsmål og rapportering.

## **Petroleumssektoren**

Vi støttar tilrådinga om at det blir utarbeidd ein eigen strategi for slutfasen av norsk petroleumsverksemd, samtidig som konsekvensane for Vestland må takast særleg omsyn til. Vi viser her til uttalen frå Statsforvaltaren i Rogaland og peiker på at konsekvensane og gjeld Vestland.

## **Organisering av omlegginga til eit lågutsleppsamfunn**

Vi stiller oss bak tilrådingane frå utvalet til del IV om organisering for klimaomstilling. Dagens organisering har vist seg å vere utilstrekkeleg til å få til endring i det tempoet som trengst for å nå måla. Vi må i større grad tenkje lengre, breiare og meir heilskapleg enn vi har gjort til no.

Med helsing

Liv Signe Navarsete

Kjell Kvingedal  
miljødirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*